



Gjett motivet!



Mål med arbeidet: Øve på å skildre ved hjelp av adjektiv.

Til læraren: Kopier opp biletarket og klipp ut bileta. Set elevane i par, og lever ut tre ulike bilete til kvar elev. Utstyr eleven med skriveark og blyant.

Elevoppgåve:

- a Kva ser du på bileta du har fått utdelt? Studer kvart enkelt bilete, og skriv ned alle adjektiva du kjem på som beskriv biletet.

- b Set deg saman med læringsvenen din. Bruk adjektiva du har skrive ned, og forklar kva som er på biletet. Du skal ikkje forklare direkte kva du ser, men bruke adjektiv til å forklare motivet.

Døme: På biletet ser eg eit mjukt, hårete og søtt dyr, med svart, brun og kvit pels. Auga til dyret er grønbrune og store. Nasen er lysebrun, og ut av dei spisse øyra stikk det lange, kvite hår. Under haka har dyret heilt kvit pels. Oppe på hovudet til dyret sit det noko rart. Det er raudt, litt stivt og er vanlegvis festa til pakkar. Under dyret ser vi noko raudt og søtt, som vi vanlegvis puttar i munnen.

Læringsvenen din skal prøve å gjette motivet så nøyaktig som mogleg. Det er til dømes ikkje nok å seie «katt», medeleven din må også gjette dei andre elementa på biletet. Lukke til med oppgåva!



